

Tale ved opninga av Vinjesenteret 27. august 2021

Ved styreleiar Lodve Solholm

«Det lyt ein Gong fyrst vera», står det i Norske ordtak av Ivar Aasen. Det skal vere ein første gong for alt.

«Ingen har gjort det før. Ingen har planlagt eit senter for både diktning og journalistikk. Vi har fått høve til å vere dei første», skreiv utstillingsgruppa i utstillingsplanen for Vinjesenteret som blei avslutta 22. november 2019.

Nokre av hovudpoenga dei trekte fram var at utstillinga skulle vise

- at spenninga mellom dikt og sanning både er fruktbar og utfordrande
- at diktning kan vere ein inngang til å forstå eit emne, motiv eller tema
- at journalistiske metodar kan gi innsikt i ulike sider av samfunnslivet
- og at diktinga og journalistikken speglar og formar samfunnet.

Utstillinga fortel om det som faktisk har hendt, og om det som er dikta opp. Og det som faktisk hende for ti år sidan, var at Nynorsk kultursentrum fekk ein invitasjon frå Vinje kommune til eit møte her på Vinjar. I brevet stod det: «Møtet er ope og uforpliktande, men målet er å avklare område det er aktuelt å utvikle samarbeid på og om, både tidsavgrensa prosjekt og meir varig og langvarig satsing.»

Det blei ganske snart klart at grunnlaget for samarbeid og ei langvarig satsing var til stades, og sidan har vi i Nynorsk kultursentrum sett oss fritt ikring både her i Vinje og i aktuelle fagmiljø. Før prosjektplanen for eit Vinjesenter blei lagt fram i 2016 gjennomførte dåverande direktør Ottar Grepstad 76 informasjons- eller drøftingsmøte med over 300 deltakarar. Eit imponerende arbeid som la eit solid grunnlag for utviklinga av det museet som opnar i dag.

Tidleg i prosessen med Vinjesenteret var det klart at dette ikkje skulle bli eit personmuseum, men at vi med utgangspunkt i enkeltpersonar sine liv og verk spanner ein høgare himmel over dei fagområda og temaa desse personane arbeidde med. Det gir medarbeidarane meir å spele på, og publikum meir å oppleve.

I 2018 byrja den første medarbeidaren ved Vinjesenteret. Sidan september i fjor har vi hatt fire faste stillingar, og per no har vi også to tilsette i engasjementsstillingar. I haust lyser vi også ut ei femte faste stilling som barne- og ungdomsformidlar med kontorstad Vinje men nasjonale oppgåver knytt til oppdraget vårt. Er det noko det siste halvanna året har vist oss, er det at den fysiske arbeidsstaden ikkje er avgjerande for verkeområdet.

Vinjesenteret kompletterer og utvidar også perspektivet til dei andre arenaene i Nynorsk kultursentrum, Haugesenteret i Ulvik som formidlar lyrikk i mange former og på tvers av språkgrenser, og Aasentunet i Ørsta som formidlar det språklege mangfaldet og kva det tyder for menneska. Til saman bidreg dette til å nå visjonen vår om å bringe språk, kultur og kunnskap til heile landet. Med Vinjesenteret gjer vi dette også med å formidle forteljingar om dikting og journalistikk.

Ingen har gjort dette før, men når det først skulle gjerast, er det mange som har vore med. Og dei vil vi takke.

Takk til dei som har finansiert denne utstillinga, Kulturdepartementet, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Vinje kommune, Sparebankstiftelsen DNB og Fritt Ord. Takk til enkeltpersonar som har snakka Vinjesenteret si sak i rette tid.

Takk til dei mange har vore involverte i ulike delar av arbeidet. Til Hille Strandskogen arkitekter som har gitt senteret gode bygningsmessige rammer. Til SixSides som har gitt oss ei utstilling vi er stolte av. Til handverkarar og leverandørar for solid utført arbeid. Til alle som har bidrege med fagleg innhald, og til alle tilsette som har stått på og fått alle brikkene til å falle på plass.

Takk til alle i Vinje kommune som har hatt trua på dette, til dei som har fått trua på dette etter kvart, og ein ekstra stor takk til dei som først tenkte tanken om at dette var noko vi kunne utvikle i lag.

Og til slutt. Dette hadde ikkje blitt noko av utan dei fire store V-ane, Aasmund Olavsson Vinje, Halldis Moren Vesaas, Tarjei Vesaas og Aslaug Vaa, det dei skreiv og språket dei skreiv det på. Kva dei sjølve hadde sagt om å få denne merksemda, blir spekulasjonar. Men på ein fest for diktarparet Halldis og Tarjei i 1957 takka Tarjei Vesaas mellom anna med desse orda:

«Det er vanskeleg å vera meg i denne stunda. Eg hadde helst hug til å gå stilt min veg. Det er sagt så mykje hyggeleg til meg – at eg står her med alt dette og kjenner trong til å vera ordlaus. Forsåvidt min naturlege tilstand som eg i stor mon har levd etter i 60 år. Dei 30 bøkene kjem ikkje den saka ved.»

Både bøkene og orda kjem denne saka ved, utan dei skrivne orda frå desse fire, hadde vi ikkje stått her i dag. Eit lite ord gjer stundom store verk.